



ORDEN: Her går det an å sitje og leggje mila bak seg.



LOKAL LAKK: Per Sandvik i Florø har lagt på alle del glinsande laga med lakk. Mange var nyfikne.

Premiere

FLORØ:Så låg den der då. Første båt ved brygga under båtmessa 2005.

Den første ferdige innreidd Sunquest-båten i Florø. 44 fot høg standard til 4,4 mill. kr. Prismessig under sine kjende konkurrentar, og kvalitetsmessig fullt på høg, og kanskje over.



EIGAREN: Reidar Wiggen har kjøpt båten og er også medeigar i Sunquest Norway AS.

Her er lite plastinnreing. Sofa, puter og sitjegrupper er trekt med ekte skinn. Rovde møbelfabrikk har stått for all innreing i kirsebærtré. Per Sandvik frå Florø har lagt på alle lag lakk. Finishen er lekker.

Båten er lyst innreidd. To maskiner på 430 hestar kvar skal gjere jobben til havs.

Om den vart seld? Ja, den er allereie seld. Eigaren heiter Reidar Wiggen og er frå Bergen. Wiggen er også medeigar i selskapet Sunquest Norway som byggjer båtane. Han er pilot i Widerøe og har også arbeid i mange år som skipper på sjøen.

– *Kvifor Sunquest?*

– Dei ekstremt gode sjøeigenskapane. Dette er mi feriehytte til rekreasjon og fritid. Eg har alltid hatt båt, men hugsar ikkje lenger kva det var. No er det berre Sunquest eg bryr meg om, seier han, før han gjev gass og set kurs mot Bergen. Der ventar heimehamna og potensielle nye kundar til Sunquest. Lista med interesserte namn er allereie lang.

Medeigar Ove Stavø, som også har teikna ein heil del av detaljane interiørmessig, er optimist.

– Vi har særleg tru på 50-fotaren som ligg godt under våre konkurrentar i pris, og det faktum at vi kan skreddarsy kvar enkelt båt. Dette er ikkje samleband og storindustri. Eigaren kan følgje prosessen. Vil du ha pantry oppe (kjøkkenkrok, red. merk) som gjev ein meir sosial båt, men mindre rein komfortplass oppe, eller dinettløsning (kjøkken nedunder, red. merk)? undrast han og viser rundt.

Eigarane i tillegg til Stavø og Wiggen er Vestnes Innredning som har innreidd båten, Florø Skysstbåtservice ved Paal Skorpen, og engelske Kevin Durkin som sistemann.

50-fotaren har fått ein pris på 5,8 mill. kr.

Vi tek ein runde og nyt luksuen i 44-fotaren. Stein Asle Øvrebotn er også ein viktig mann om bord. Han er seljaren som skal selje båten til den ypparste og mest kresne klassen av båtkjøparar. Dei som blar meir enn 3,5 mill. kr på bordet. Øvrebotn har trua. Trua på at det er fullt mogleg få til eit lite båtventyr med utgangspunkt i Florø.

– Det er beundringsverdig at nokon tør satse. Eg skal berre følgje opp ein god idé, og gjere mitt beste for at dei skal lukkast vidare.

– *Korleis har lanseringa i Florø gått?*

– Utruleg bra. Vi har fått veldig mykje skryt. Særleg over den høge standarden og finishen, svarer han, trygt vitande om at det han seier stemmer. Dette er ikkje noko



HAR TRUA: Båtprodusent Ove Stavø har særleg tru på at 50-fotaren skal slå godt an.



lappverk. Vestnes Innredning har årevis med erfaring. Og enno har dei meir å gå på. Dette er prototypen. Ein knirk der, eit hakk der, alt må gjerast ein gong for at det skal bli betre neste gong. Båten er gjennomført i stilen. Du får lyst til å slå deg til ro. Slappe av. Ta ein tur på sjøen, eller berre ligge ved kai og nyte livet. Livet om bord i ein båt heilt utanom det vanlege. Ein flott ny båt frå Florø.